

Laurdag 12. desember vert årets siste opne arrangement. i Dønhaugkjedlaren. For første gang vitjar Robert Smith-Hald Dønhaug, men for Kvinnherads-publikumet bør artisten vera godt kjend. I samband med "Festidalen" i år hadde han konsert både på "vorspilet" på Vertshuset og opptredde med fullt band på sjølve Festidalen.

Roberts debutalbum "Innocence Said" har fått strålande kritikkar med terningkast 5 frå ei rekkje muskkanmeldarar, bl.a. Dagbladet, og låtane hans er stadig å høyra på ulike radiokanalar.

Tekstane på albumet fortel heilt spesielle historiar signert låtskrivaren og personen Robert Smith. Dei er svært personlege og oppsummerar eit heilt spesielt levd liv, som dei fleste heldigvis ikkje får oppleve. Han voks opp i ei streng sekt på aust-kysten av USA. Brotet, og hans seinare opplevingar går som ein raud tråd gjennom plata.

Robert blir samanlikna med bl.a. Bob Dylan, Neil Young og Bruce Springsteen, og blir rost opp i skyene av Pål Bredal og Per Ole Hagen i NRK P1. Bård Ose i Radio Hordaland, har uttalt at "Innocence Said" var årets beste album då ho kom ut.

Dønhaug Gjestegard er difor stolte av å kunne tilby gjestene den artisten som avslutning på 2009 sesongen. I Kjedlaren denne kvelden vil aristen spela akustisk, og ein vil få høyra låtane frå albumet i tillegg til ei mange andre flotte låtar.

Av Magne Huglen